



# Gjesteundersøking

---

Vest-Telemark 2023



# Innholdsliste

## **Oppsummering**

### **1. Bakgrunn**

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

### **2. Om respondentane**

2.1 Demografi

### **3. Føremålet med reisa**

3.1 Opphald i Vest-Telemark

3.2 Føremålet med reisa til Vest-Telemark

### **4. Tid på reisemålet**

4.1. Ein gjengangar på reisemålet?

4.2 Overnatting på reisemålet

### **5. Årstid og aktivitetar**

5.1. Årstid for besøket

5.2 Aktivitetar på reisemålet - vinter

5.3 Aktivitetar på reisemålet - sommar

### **6. Informasjon og tilrettelegging på reisemålet**

6.1 Tilrettelegging på reisemålet

6.2 Informasjon på/om reisemålet

### **7. Berekraft på reisemålet**

7.1. Informasjon om berekraftarbeidet

7.2 Berekraft som motivasjon for reisa

7.3. Økologisk og sosial berekraft på reisemålet

### **8. Den samla opplevinga av reisemålet**

8.1 Den samla oppleving av Vest-Telemark som reisemål

### **9. Anbefaling av reisemålet**

9.1 Den samla oppleving av Vest-Telemark som reisemål



Foto: Yngve Ask

# 1. Bakgrunn

---

# 1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultatene frå ei spørjeundersøking utført blant turistar/gjester i regionen Vest-Telemark, i Vestfold og Telemark fylke.

Vest-Telemark inkluderer kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden mai-oktober 2023.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisera seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for fyrste gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ønsker å arbeide systematisk og langsiktig med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er eig prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Reiselivsaktørar i alle seks kommunane hjalp med å henge opp plakatar og å dele ut visittkort med QR-kode. Det blei hengt opp plakatar på overnattingsstader, butikkar, turstiar og andre stader der turistar oppheld seg. Størst del svar kom frå Facebook-innlegg på Visit Telemark sine sider. Det viste seg å vere krevjande å få turistar til å svare på undersøkinga.

Totalt har 430 personar opna undersøkinga. 242 av desse svarte at dei eig eigen fritidsbustad i Vest-Telemark, og blei dermed invitert vidare til fritidsbustadundersøkinga. 188 gjester svarte på dei 24 spørsmåla i gjesteundersøkinga.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svare på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Vest-Telemark.

Kva er ein «gjest»?

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen, enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig eigen fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).

**Me vil rette ein stor takk til alle gjester som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.**

## 1.2 Introduksjon

Tabell 1 (Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033) samanfattar sentrale og tilgjengelege tal som skildrar reiselivet i Vest-Telemark.

Det er viktig å presisere at dette ikkje viser det fullstendige bildet, sidan det for tida ikkje er praktisk eller teknisk mogleg. Tabellen viser offentleg statistikk som ofte blir nytta for å skildre reiselivet i ein region/ kommune.

SSB sin overnattingsstatistikk er dessverre noko upresis. Derfor er det innhenta ei rekkje tal via lokale kjelder for å utfylle statistikken. For å ta strategiske avgjerder og for å følgje utviklinga over tid, er det behov for betre innsikt og meir kunnskap om reiselivet. Dette gjeld for både Vest-Telemark og resten av landet. Likevel viser tabellen sentrale likskapar og forskjellar i kva omfang, betydning og samansetjing reiselivet har i dei seks kommunane og i regionen under eitt.<sup>3</sup>

Til tross for ganske mange kommersielle overnattingar i Vest-Telemark i løpet av eit år, var det krevjande å få turistar til å svare på undersøkinga. Medan nærmare 2000 gjester svarta på fritidsbustadundersøkinga, var det berre 188 andre type gjester som svarta på gjesteundersøkinga. Me tek erfaringane med oss og håper på større svarprosent når undersøkinga skal gjentakast i 2026.

Denne rapporten er for Vest-Telemark som samla reisemål.

	Fyresdal	Tokke	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Vinje	TOTALT
Reiselivet si verdiskaping i mill. kroner*	3	31	11	45	22	78	190
Innbyggjarar**	1 234	2 201	1 459	2 961	2 446	3 858	14 159
Fritidsbustader**	1 409	1 383	2 588	1 457	1 306	5 824	13 967
Fritidsbustader pr. innbyggjar	1,14	0,63	1,77	0,49	0,53	1,51	0,98
Gjestedøgn i fritidsbustader***	159 000	140 000	298 000	168 000	150 000	700 000	1 615 000
Kommersielle overnattingar	29 910*****		75 173	87 092	49 015	123 924	365 114
Hotell o.l. overnattingsstader	3	4	1	4	4	10	26
Campingplassar	4	3	6	7	4	6	30
Hyttetrender o.l. overnattingsstader	3	7	3	1	2	11	27
Tal hytter/leilegheiter	36	30	Ca 25	Ca 20	47	187	345
Tal senger	422	241	169	561	956	1808	4157
Airbnb***** (tal tilgjengelege utleigeiningar)	26	44	102	37	117	203	529
Skidagar*****					40 000	141 000****	181 000
Servering	4	6	2	5	11	14	41
Aktivitetar	4	9	3	8	10	30	64

Tabell 1: Tal frå 2022/2023. Innhaldet som er markert med lyseblå er ikkje offisielle data (henta inn lokalt)

<sup>3</sup> Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023 -2033 s. 34 og 35



## 2. Om respondantane

---



## 2.1 Demografi

Svara viser at det er fleire kvinner enn menn som har svara. Det er over 50% fleire kvinner enn menn som har svara på undersøkinga


### Kjønn:

- 30,6% av respondentane er menn
- 67,8% av respondentane er kvinner


### Alder:

- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 50-59 år. Dei utgjør ein del på 27,0%

- 24,1% i aldersgruppa 40-49 år
- 20,7% i aldersgruppa 30-39 år
- 14,4% i aldersgruppa 60-69 år
- 8,6% i aldersgruppa 19-29 år
- 5,2% i aldersgruppa 70-70%



Figur 2: Kva er ditt kjønn? (N = 180)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 174)

### Nasjonalitet:

Respondentane kjem hovudsakeleg frå Noreg.

Tal respondentar frå andre land var følgjande:

Tyskland: 12

Danmark: 9


Nederland: 6

Frankrike: 2


149 av dei 184 svara er nordmenn frå følgjande fylke i Noreg:

### Bustad:

- 21,9% av respondentane er frå Telemark fylke
- 16,8% er frå Agder
- 14,6% er frå Vestfold fylke
- 10,2% er frå Rogaland fylke
- 8,8% er frå Oslo fylke
- 7,3% er frå Østfold fylke
- 5,8% er frå Akershus fylke
- 5,8% er frå Vestland fylke
- 2,9% er frå Buskerud fylke
- 2,9% er frå Trøndelag fylke



Figur 2: Kva land bur du i? (N = 184)



Figur 3: Kva fylke bur du i? (N = 137)



### 3. Føremålet med reisa


---



### 3.1 Opphald i Vest-Telemark

På spørsmål om kvar gjesten har opphalde seg mest på reisa i Vest-Telemark er svara følgjande:


- 30.8% Vinje kommune inkl. Rauland, Haukeli og Åmot
- 21,6% Fyresdal kommune
- 15,1% Nissedal kommune inkl. Treungen, Kyrkjebygda, Gautefall og Fjone
- 13,0% Kviteseid kommune inkl. Vrådal og Morgedal
- 9,7% Tokke kommune inkl. Dalen, Lårdal og Skafså
- 4,3% Seljord kommune inkl. Flatdal og Åmotsdal



Figur 4: Kor i Vest-Telemark oppheld du deg mest på reise di? (N = 185)

## 3.2 Føremålet med reisa til Vest-Telemark


- 80,3% oppgjev at føremålet med reisa er ferie og fritid.
- 8,7% er i Vest-Telemark for å besøke familie og vener
- 4,9% kombinerer forretning og fritid
- 1,1% er i Vest-Telemark på bakgrunn av forretningar
- 4,9% svarer at dei er på besøk av andre årsaker




Figur 5: Kva er/var føremålet med reisa di?? (N = 183)

På spørsmål om kvar gjesten har opphalte seg mest på reisa i Vest-Telemark er svara følgjande:

- 30.8% Vinje kommune inkl. Rauland, Haukeli og Åmot
- 21,6% Fyresdal kommune
- 15,1% Nissedal kommune inkl. Treungen, Kyrkjebygda, Gautefall og Fjone
- 13,0% Kviteseid kommune inkl. Vrådal og Morgedal
- 9,7% Tokke kommune inkl. Dalen, Lårdal og Skafså
- 4,3% Seljord kommune inkl. Flatdal og Åmotsdal



Figur 4: Kor i Vest-Telemark oppheld du deg mest på reise di? (N = 185)



Figur 5: Kva er/var føremålet med reisa di?? (N = 183)


4. Tid på reisemålet

---



## 4.1 Ein gjengangar på reisemålet?


- 51,1% av respondentane har vore på reisemålet mange gonger
- 28,3% har aldri vore i Vest-Telemark tidlegare
- 14,1% har vore i Vest-Telemark ein gong tidlegare
- 6,5% har vore i Vest-Telemark to gonger tidlegare




Figur 5: Har du vore på reisemålet tidlegare? (N=184)

## 4.2 Overnatting på reisemålet

- 27.1% av respondentane var i Vest-Telemark i 1-2 netter
  - Over 70% av desse overnatta ei eller to netter på hotell, pensjonat, vandrarheim eller B&B
  - Over 50% av dess overnatta ei eller to netter på campinghytte, eller i campingvogn/bubil/telt
- 26,5% var i Vest-Telemark 7 netter eller meir
  - 50% av desse overnatta hjå familie, vener eller kjenning
  - 46,6% av desse overnatte i leigd hytte eller leilegheit



Figur 6: Kor mange netter har du opphalde deg totalt/vil du opphalde deg på reisemålet? (N=181)



Figur 8: Av tal overnattingar på reisemålet, kor mange netter har du opphalde deg på/i: (Fleirval) (N= 238)


## 5. Årstid og aktivitetar

---




## 5.1 Årstid for besøket

- 68,5% av respondentane besøkte reisemålet på sommaren
- 19,7% av respondentane besøkte reisemålet på hausten
- Respondentane som besøkte reisemålet sommar/haust deltok i følgjande aktivitetar:
  - 58,5% gjekk fotturar i skog og mark
  - 53% gjekk fotturar i fjellet
  - 37,8% bada
  - 32,3% opplevde staden og livet til lokalbefolkninga
  - 28,7% besøkte historiske bygningar/stader
  - 28,7% opplevde lokal kultur, livsstil og tradisjonar




Figur 9: Kva årstid besøker/besøkte du reisemålet?? (N = 178)



Figur 13 Kva aktivitetar deltok du på under besøket på reisemålet? (sommar) (N=164)

## 5.2 Aktivitetar på reisemålet - vinter

- 7,9% av respondentane besøkte reisemålet på vinteren
- Respondentane som besøkte reisemålet på vinteren deltok i følgjande aktivitetar:
  - 78,6% langrenn
  - 42,9% besøkte historiske bygningar/stader
  - 35,7% alpin skikøyring/snøbrett
  - 35,7% besøkte museum
  - 35,7% opplevde staden og livet til lokalbefolkninga



Figur 11 Kva aktivitetar deltok du på under besøket på reisemålet? (vinter) (N=14)



Foto: Even Lundefaret




---

## 6. Informasjon og tilrettelegging på reisemålet


---

## 6.1 Tilrettelegging på reisemålet


Kor nøgd eller misnøgd er du med tilrettelegginga av følgande service på reisemålet?



Figur 28: Offentleg tilgjengelege toalett  
(N = 182)




Figur 28: Tømmestasjon for bubil  
(N= 180)




Figur 28: Ladestasjon for el.-bil (N=180)


Kor nøgd eller misnøgd er du med tilrettelegginga av følgende service på reisemålet?



Figur 28: Sjøppeldunkar i sentrumsnære område (N= 182)




Figur 28: Sjøppeldunkar i tilrettelegde naturområde (N= 181)




Figur 28: Lokalmattilbod i butikkane (N= 182)

## 6.2 Informasjon på/om på reisemålet


Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar:




Figur 26: Eg fekk god informasjon om kva omsyn me som besøkande må ta i forhold til vern av natur og kultur på reisemålet (N=182)



Figur xx: Som besøkande får eg godt innblikk i historia og kulturen på staden (N=182)




Figur 26: Eg får god informasjon om villrein og kva omsyn me som besøkande bør ta til villreinen (N=57)




Figur 26: Eg fekk god informasjon om kva omsyn me som besøkande må ta i forhold til sikkerheit på reisemålet (N=176)


Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar:




Figur 26: Eg opplevde god lokalkunnskap på reisemålet (N=182)



Figur 26: Informasjonen eg fekk i forkant av reisa opplevde eg som realistisk og respektfull overfor gjester og lokalsamfunn (N=182)



Figur xx: Det er lett å kome seg rundt utan bil på reisemålet (N=182)



Figur 26: Det er godt skilta og lett å finna fram på reisemålet (N=182)

## 7. Berekraft på reisemålet

---




## 7.1 Informasjon om berekraftarbeidet

På spørsmål om respondenten har hørt, lest eller motteke informasjon om berekraftarbeidet på reisemålet svarer:

- 80,4% nei
- 19,6% ja



Foto: Mona B Kasin




Figur 14 Har du hørt, lest eller motteke informasjon om berekraftsarbeidet på reisemålet? (N=184)

## 7.2 Berekraft som motivasjon for reisa

Spørsmålet om kor viktig berekraft og klima var for respondenten ved val av reisemål, på ein skala frå 0 til 10 (der 0 er svært lite viktig og 10 er svært viktig), viser følgjande:

- 14,67% har gitt ei vurdering mellom 9-10
- 28,26% har gitt ei vurdering mellom 7-8
- 57,07% har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 16: Kor viktig var berekraft og klima for deg ved val av reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært lite viktig og 10 er svært viktig) (N=184)

### 7.3 økologisk og sosial berekraft på reisemålet



Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar:

Reisemålet framstår som ein stad som tek vare på natur og miljø

- 48% er svært einige
- 35% er litt einige

Reisemålet framstår som ein stad som tek vare på lokalbefolkninga si

- 46% er svært einige
- 22% er litt einige




Figur 26: Reisemålet framstår som ein stad som tek vare på natur og miljø (N=176)

Figur 26: Reisemålet framstår som ein stad som tek vare på lokalbefolkninga si (N=183)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte.

- 16% er svært einige
- 30% er litt einige
- 33% er nøytrale
- 7% er litt ueinige
- 6% svært ueinige



Figur 26: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=182)



Foto: Yngve Ask



## 8. Den samla opplevinga av reisemålet

---



## 9.1. Den samla opplevinga av Vest-Telemark som reisemål


Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Vest-Telemark som reisemål?

57,84% har gitt ei vurdering mellom 9-10,

35,14% har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan

7,03% har gitt ei vurdering frå 0-6.




Figur 39: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Vest-Telemark som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.). (N=185)

Dette er det andre av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Vest-Telemark kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 58% er svært ueinige i utsegna.
- 11% er litt ueinige i utsegna.
- 10% er litt einige i utsegna.
- 5% er svært einige i utsegna.



Figur 38: I kva grad er du einig i utsegna: Vest-Telemark kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der? (N=185)


Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar:

Reisemålet verkar som ein god stad å bu


- 50% er svært einige
- 35% er litt einige

Reisemålet verkar som ein trygg og sikker stad å besøke

- 75% er svært einige
- 18% er litt einige



Figur 26: Reisemålet verkar som ein god stad å bu (N=181)



Figur 26: Reisemålet verkar som ein trygg og sikker stad å besøke (N=182)



# 9. Anbefaling av reisemålet

---



Foto: Yngve Ask


## 9.1

I kor stor grad vil du anbefale reisemålet for andre, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er i svært lita grad og 10 er i svært stor grad.)

64,84% har gitt ei vurdering mellom 9-10,

29,67% har gitt ei vurdering mellom 7-8,

5,49% har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 34: I kor stor grad vil du anbefale reisemålet for andre, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er i svært lita grad og 10 er i svært stor grad.) (N = 182)